

# Kyrkjeblad for Fjaler

NR. 2 AUGUST 2023

81. ÅRGANG



# Andakt, juni 2023

Det er ikkje alltid så lett å seie kva som skal bli ein bra dag, eller kva som ved dagens slutt var med å gjere den god eller dårleg.

Men mi erfaring er denne: Dei vanlege dagane er som regel dei beste.

Og det er bra – for det er dei det er flest av; dei vanlege dagane. Og det vanlege livet. Når vi sit ved kjøkenbordet med kaffikoppen. Når vi får gjere arbeidsoppgåvene våre. Når vi er omgjevne at det som er kjent og heimleg.

Det er kanskje lett å tenke at livet vårt skulle vore meir spennande; meir glamorøst, at det skulle ha større variasjon i seg.

Men kanskje skulle vi bli flinkare til å verdsetje det vanlege livet?

Det kan vere høgdepunkt i livet vårt som gjer at vi tenker: Gjev alle dagane hadde vore som denne! Men viss det var slik, hadde vi ikkje då vorte metta på ein måte?

Så er det dei mellom oss som vil seie: Det er altfor mange av dei vanlege dagane. Dagar som sniglar seg av garde. Dagar som så alt for godt let oss kjenne einsemd, rutine; smerte, at vi saknar nokon.

Eg trur vi må leite etter det som kan gje dei vanlege dagane verdi og meining, også dagane som ikkje er så lette og gode. Vi må leite etter – og finne - det som er lagt ned i oss av guddomleg kjærleik; eit gudsnærvær i livet vårt.

Vi må sjå etter spor av godhet, og finne det i oss og omkring oss som viser at vi er verdifulle der vi er; i det vi er sett til.

Eg trur at livet vårt har ei meining og at når vi går ut av tida, har vi sett eit fotavtrykk etter oss på jorda.

Kvar dag i veka er det menneske som kjem til kyrkjene våre, - til det heilage rommet - med sine liv. Med ulike historier og grunnar til å kome. Nokre av dei med takksemd og glede; nokre med sår og tap, og nokre med von om at vi kan finne saman i gudsteneste og bøn. Ein skulle ikkje alltid tru at vi har noko til felles. Men det har vi! Vi blir tekne i mot og møtt av ein som står med utstrekte armar og seier:



Ragnhild Jepsen. Foto: Jens Z. Meyer

*Uansett kvifor du kjem, eller kva slags bærer du kjem med: Du er venta. Du er velkommen. Dagen din skal fyllast med nåde!*

**Ragnhild Jepsen, biskop i Bjørgvin**

## FRAMSIDEBILETE

Foto: Atle Ness

Historisk på alle måtar. Den første ordinasjonen i Folkestad, og den første presten nyutnemnd biskop Ragnhild Jepsen vigsla.

F.v. sokneprest Knut Arne Kummeneje, Eirik Baug Barsnes, biskop Ragnhild Jepsen og prost i Sunnfjord, Knut Magne Nesse.

# På kyrkjebakken

## Vil ingen bli ny kyrkjevevje i vakre Fjaler? Spannande og variert stilling

I førre kyrkjeblad, som kom til påske, skreiv vi at Fjaler sokn treng ny kyrkjevevje i 100% fast stilling etter at kyrkjevevje Irene Fløde takkar for seg sommaren 2023. No er sommaren komen og etter 2 utlysingar har ingen søkt stillinga. No har kyrkjevevje Irene sagt seg villig til å fortsetje litt utover hausten, men ny kyrkjevevje/ dagleg leiar må på plass før vinteren.

Stillinga er lyst ut på nytt med søknadsfrist 20. august.

Du finn den på Fjaler sokn si heimeside.

Kyrkjevevje er kyrkja sin rådmann vart det sagt tidlegare. No heiter det ikkje rådmann lenger men kommunedirektør. Men tittelen Fjaler sin kyrkjedirektør kan ein ikkje seie.

Dagleg leiar er rettare nemning, men kyrkjevevjene har valt å behalde den over 900 år gamle tittelen, kyrkjevevje.

Kyrkjevevjene har ofte erfaring frå eit eller fleire andre yrke før dei blir tilsette som kyrkjevevjer. Sidan slutten av nittitalet har det ikkje vore målretta utdanning for kyrkjevevjer. Difor kan det vere ein føremon med erfaring frå yrkeslivet. No er det korte innføringskurs og ein del fagsamlingar. Jobben har eit breitt og variert fagfelt, noko som gjer at ein ikkje rekk å kjede seg. Å ha interesse for tal og økonomi er naudsynt. Ein må og synest at lokalkyrkja er viktig i lokalmiljøet, og jobbe for å motivere tilsette og frivillige.

I Sunnfjord prosti er det dyktige kyrkjevevjekollegaer som treffast og mellom anna utvekslar erfaring. Framover vil det blir meir og meir samarbeid innan prostiet.

## Bur du i Dale og har lyst på litt ekstrajobb?

Vi treng hjelp til noko reinhald. I tillegg til kyrkja har vi kyrkjekontor og Ljosheim som treng jamleg reinhald.

**Dette er arbeid som og kan passe godt for pensjonistar som har lyst på litt ekstra inntekt.**

## Guddal kyrkje treng deg!

For å kunne avikle gudstenester i Guddal kyrkje treng vi nokon til å hjelpe oss med praktiske gjeremål. Kyrkjetenaren i Guddal er sjukmeld, og då treng vi hjelp. Arbeidet er reinhald og kyrkjetenaroppgåver ved gudstenester. Reinholdet kan gjerast når det passar deg. Dei første gudstenestene utover hausten blir 26. august, 1. oktober og 22. oktober. Gudstenester om lag ein gong i månaden.



## Basar på Ljosheim

Laurdag 23. september kl. 14.00, skal Håland misjonsforeining ha basar på Ljosheim.

Vi samlar inn pengar til Det Norske Misjonsselskap. Pengane blir m.a. brukt til utdanning, kyrkjelydsbygging og arbeid for få slutt på omskjering av jenter.

I tillegg til åresal, loddsal på bøker og trekking, vert det matpause med kaffi/te og gode kaker. God basarstemning brukar det også å vere.

Vi vonar mange ynskjer å ta ettermiddagen saman med oss på basar. Velkomen!

## Kinn kyrkje, sommaren 2023

Det vert opa kyrkje på Kinn frå 19. juni og ut heile august.

Opningstidene er frå 13.30 til 19.30. Det er enkle tidebøner i kyrkja klokka 13.30 og 19.00 kvar dag. Ei rekke frivillige tek imot reisande som kjem til kyrkja.

Kinn kyrkje er ei av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia og øya er tett knytta til historia om Sta. Sunniva og seljumennene. Turen til Kinn og kyrkja er ei oppleving.

Det går ekstra turistbåt frå Florø klokka 12.00 på måndag, tysdag, torsdag og fredag frå 19. juni til og med 4. August. I denne perioden går det også båt klokka 10.00 på laurdag.

Elles må ein bruke dei ordinære rutene.

Det er turlagshytte på Kinn og fleire merka turløyper. Kinnaspelet er helga 17. og 18. Juni.



Foto: Guri Høstaker Nordheim



## DET NORSKE JENTEKOR

Det Norske Jentekor hadde konsert i Dale kyrkje i november 2021, saman med eit lokalt jentekor.

DNJ tykte dette var ei svært kjekk oppleving og ønskjer svært gjerne å kome tilbake til Dale og ha ny konsert.

*«Det Norske Jentekor» er en korskole for talentfulle sangere i alderen 6-26 år. Vårt mål er å skape sterke uttrykk som berører publikum så vel som sangere»* står det på heimesida.

Publikummet i Dale kyrkje vart berørt og det var ein flott konsert. På TV kunne vi før jul i 2021, ved fleire høve sjå glimt frå konserten i Dale kyrkje.

Det er Sande-senteret som er hovudarrangør for konserten saman med fleire andre bidragsytarar.

## ROAR TILBAKE I ORD OG TONAR

TEKST OG FOTO: ATLE NESS

Roar Goksøyr Lillebø har vore attende i Dale fleire gonger sidan han slutta som organist for ein liten mannsalder sidan. Til konserten i Dale kyrkje 3. juni tok han like godt med seg heile Ørstakoret og stod for ei god oppleving i kyrkja.

Gamleorganisten hadde sjølv skrive tone til dei fleste korstykkja, til tekstar av Jakob Sande, Anders Steinnes og Ivar Aasen med fleire. Dei framømte fekk også vere med på allsongen Sumarkvelden, av Ivar Aasen.

Attåt Ørstakoret deltok Cantus, som Roar dirigerte dei åra han var tilsett i Fjaler. No har Mark Taylor hatt den rolla i 29 år. Cantus framførde eit par innslag åleine, dirigert av Mark. DeKor var med på «le grand final», samsong med dei tre kora i Jakob Sandes mektige Hymne og Åndeleg sjømannssong, høvesvis med Hanne Heia Dybvik og Roar Goksøyr Lillebø som dirigentar.



*Korsamværet i kyrkja vart avslutta med dei kjende Hymne og Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande. Roar Goksøyr Lillebø har skrive tonen til sistnemnde, og han dirigerte det store felleskoret, med Mark Taylor ved pianoet. Åndeleg sjømannssong er også med i den nye salmeboka.*

## 40-ÅRSJUBILEUMSKONSERT FOR ORGELET I DALE KYRKJE



**DALE KYRKJE**  
**SØNDAG 29. OKTOBER KL. 19.00**

Sett av søndag 29. oktober kl. 19.00 – då er det jubileumskonsert i Dale kyrkje med Mark Taylor på orgel og lokale krefter som feirar at Bruno Christensen orgelet har blitt 40 år gamal.

Her blir det fellesnummer med kor, korps og orgel, og andre samspel med det flotte orgelet.  
Vel møtt! MT

## GUDDALSKORET

Sidan koret i Guddal har blitt eit reint vaksen damekor no i 2023, er namnet til koret endra frå Guddal familiekor til Guddalskoret. Kvinnene som har tidlegare vore med er tilbake no – og nye kjem til hausten.

Av og til deltek ungdom og unge vaksne når dei kan, t.d. på 17. mai og på julaften, og elles kjem nokre ungdom og syng versa i songar med engelske tekster som «Shine Your Light» av Oslo Gospel Choir.

Dei faste medlemmene koser seg med dei gamle bedehussongane og salmane som dei lærte som barn, samt korsong som damene har sunge med meg i snart 30 år.

Vi øver annakvar tysdag kl. 15.20–6.20 i Guddal kyrkje – OPPSTART 22. august.  
Sokner du til Guddal kyrkje og liker å syngja? Då er Guddalskoret for deg. Vel møtt! MT



*Guddalskoret fylte halve galleriet på 17. mai. Foto Mark Taylor.*

## DITT KYRKJEKOR TRENG DEG – VER MED I CANTUS!

Liker du å syngja? 18 år eller eldre? Då er Cantus for deg. Vi har for tida 21 songarar: 16 kvinner og 5 menn.

Som du ser, treng vi særleg fleire menn for å kunne syngja blandakorreperetoret med delte herrestemmer, men fleire kvinner vil vi også gjerne ha!

Vi har det sosialt og gleder oss til øvingsdagen laurdag 2. september på Tønna i Bygstad, med middag og kaffi. Vi deltek m.a. i teaterfestivalen, med konsertar på sjukeheimen og på den store julekonserten og syng eit variert repertoar.

**OPPSTART:** onsdag 23. august kl. 20.00–21.30 på Ljosheim i Dale.



*Cantus framførte songar med tekstar av Jakob Sande på korkonserten 3. juni. Foto: Atle Ness.*

Gi dirigent Mark Taylor beskjed innan 21. august om du vil vere med.  
kantor@fjaler.kyrkja.no 97513449

## Konfirmantar 2023



**Konfirmantar Dale 06.05:** Framme frå venstre: Sara Schürholz Strandenes, Tara Åsta Simanga Thingnes, Agathe Naustdal, Adele Ulvik Alværen, Madeleine Høydal Løseth, Carmen Pitkanphai Hjelmeland. **Andre rekke frå venstre:** Sogneprest Knut Arne Kummeneje, Sofie Helene Sandtorv Berg, Aurora Bjergene Kleppe, Elise Sande, Frida Brattelid, Maria Hauge Folkestad, Alvira Harkestad. **Tredje rekke frå venstre:** Linnea Bjergene Kleppe, Hedda Igelkjøn Åsnes, Lucas Turøy Myklebust, Erlend Guddal Hovland, Iver Vagstad Hellebust. **Bakerst frå venstre:** Oliver Nytingnes Høvik, Niklas Ulvik Nyland, Kristoffer Horstad Eiken, Steffen Quimado Helgesen, Abel Berger Follevåg.



**Konfirmantar Folkestad 29.04:** Frå venstre: Sogneprest Knut Arne Kummeneje, Linnea Lammetun Lindelid, Elise Bygstad Skår, Ronja Fretland.



Dei bar småbarn til Jesus  
 for at han skulle røre ved dei,  
 men læresveinane viste dei bort.  
 Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:  
 «Lat småbarna koma til meg og hindra dei ikkje!  
 For Guds rike høyrer slike til.  
 Sanneleg, eg seier dykk:  
 Den som ikkje tek imot Guds rike slik som  
 eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»  
 Så tok han dei inn til seg,  
 la hændene på dei og velsigna dei.  
 Markus 10, 13-16

**Vil du bestille dåp?**  
 Send epost til  
[kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no)  
 eller ring 40 50 94 52  
 Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet  
 eller på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no).

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
 Fjaler sokn





DEN NORSKE KYRKJA  
Bjørgvin bispedøme

## Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023


I Bjørgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

### »»» Bønnelista

Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på [www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



**1**  
**Sigurd Grindheim**  
(1968)  
Professor, Stord




**2**  
**Solaug Anita Apelthun Sæle**  
(1951)  
Økonomisjef, Fjell



**3**  
**Finn Indrebø**  
(1948)  
Pensjonist, Askøy



**4**  
**Trygve Johannes Hellesøy**  
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy



**5**  
**Torid Morsund Øygard**  
(1999)  
Student, Bergen



**6**  
**Magdalena Steinhovden**  
(1947) Pensjonist, Naustdal



**7**  
**Anna Helena Bruun**  
(1974) Regnskapfører, Rådal



**8**  
**Mahdi Alipor Esfahani** (1979)  
Butikkmedarbeidar, Førde



**9**  
**Anders Myrene**  
(2002)  
Student, Naustdal



**1**  
**Gunnar Innerdal**  
(1983) Førstemanuensis, Øygarden



**2**  
**Per Hilleren**  
(1959)  
Bonde, Sogndal



**3**  
**Marthe Hauge**  
(1965) Kreftsjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord



**4**  
**Egil Morland**  
(1950)  
Professor emeritus, Øygarden



**5**  
**Geir Møller**  
(1957)  
Pensjonist, Bergen



**6**  
**Karen Sofie Uthaug**  
(1998)  
Student, Alver



**7**  
**Hilde Kayser Rohde**  
(1955)  
Pensjonert musikar, Bergen



**8**  
**Annlau Risa**  
(2003)  
Student, Balestrand



**9**  
**Torstein Backer-Owe**  
(1959)  
Rådgjevar, Odda

### ««« Frimodig kyrkje

Vi ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrka arbeidet med søndagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer



for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønskjer å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon av kandidatane våre finst på [www.frimodigkirke.no/bjorgvin](http://www.frimodigkirke.no/bjorgvin)

### Open folkekyrkje »»»

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Open folkekyrkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet i, der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org)





## Nominasjonskomiteens liste >>>

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomite med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på [www.nominasjonskomiteen.no](http://www.nominasjonskomiteen.no)



**1**  
**Dag Sele**  
(1964)  
Lege,  
Stord



**2**  
**Turid Fjose**  
(1969)  
Lege,  
Voss



**3**  
**Amalie Gjengedal-Eide**  
(1996)  
Lektor, Bergen



**4**  
**Arne Jostein By**  
(1948)  
Pensjonist,  
Stryn



**5**  
**Kristin Jordheim Bovim**  
(1955)  
Lege Bergen



**6**  
**Dag-Olav Bjørøy**  
(1957)  
Seniorkonsulent,  
Øygarden



**7**  
**Hege Feet Askvik**  
(1957)  
Pensjonist,  
Alver



**8**  
**Helge Dyrkolbotn**  
(1964)  
Avdelingsleiar,  
Austrheim



**9**  
**Amalie Ulevik Bjerk**  
(1997)  
Student, Bergen



**10**  
**Ingeborg Watne Flatland**  
(1979)  
Lærer, Førde



**11**  
**Leif Steinar Alfsvåg** (1959)  
Høgskulelektor,  
Stord



**12**  
**Elise Skjærven Aas**  
(2005)  
Student, Bergen



**13**  
**Rune Garmann**  
(1952)  
Pensjonist,  
Masfjorden



**14**  
**Torild Teige Strand**  
(1959)  
Lærer,  
Solund



**1**  
**Karl Johan Kirkebø** (1950)  
Pensjonist,  
Bergen



**2**  
**Oddny Miljeteig**  
(1954)  
Pensjonist,  
Bergen



**3**  
**Live Bakke Nydal**  
(2004)  
Student,  
Florø



**4**  
**Rune Johan Skjælaaen**  
(1954)  
Pensjonist, Bergen



**5**  
**Anne Vierdal**  
(1996)  
Trusopplærer,  
Sveio



**6**  
**Eiel Holten**  
(1968)  
Seniorrådgjevar,  
Bergen




**7**  
**Malene Mortensen**  
(2001)  
Sekretær,  
Sotra



**8**  
**Håkon Glatved-Prahl**  
(1956)  
Journalist, Alver



**9**  
**Mari Skjerdal Lysne**  
(1985)  
Stipendiær, Sogndal



**10**  
**Vegard Flatebø Trættemberg**  
(2002)  
Lagførar, Bergen




**11**  
**Inger Johanne Gullbrå**  
(1949)  
Pensjonist, Voss



**12**  
**Lars Hana**  
(1955)  
Pensjonist,  
Askøy



**13**  
**Signe Eikenes**  
(1963)  
Prosjektleiar,  
Leikanger



**14**  
**Andreas Gravdal**  
(1981)  
Formidlar,  
Bergen



**15**  
**Ove Sverre Bjørdal**  
(1971)  
Statsautorisert  
revisor, Bergen




**16**  
**Torill Jørgensen Frøise**  
(1972) Rådgjevar  
Askøy



**17**  
**Christian Emil Haugen**  
(1990) Lege,  
Bergen



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Bjørgvin bispedømme



# Nyttig å vite om valet

## Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og mening for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkje.

## Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på [www.kyrkja.no/medlem](http://www.kyrkja.no/medlem)

## Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

**Bispedømerådet** er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømmerådsvalet er det fire lister.

**Kyrkjemøtet** er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømmeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

## Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

## Enkelt å førehandstemma digitalt

Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

**Godt val!**

# Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023



Utgjevar: Valrådet i Bjørgvin bispedømme  
Formgeving: dragefjellet.no

# Kyrkjevalet 2023

Velkomen til å stemme  
i kyrkjevalet 2023!

Digitalt og fysisk

Med dette kunngjer Den norske kyrkja tid og stad for val til sokneråd og til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet i Fjaler sokn.

Det skal veljast seks medlemmer og fem varamedlemmer til soknerådet, og sju leke medlemmer til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet.

Les meir om kyrkjevalet på kyrkjevalet.no



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjaler sokn



## Valdagane 10.–11. september

Dingemoen krins.  
Fjaler folkebibliotek,  
10.09.: 16.00-19.00  
11.09.: 09.00-20.00

Flekk krins 11.09.  
Flekk skule. 12.00-18.00

Guddal krins 11.09.  
Guddal skule. 12.00-18.00

Våge krins 11.09  
Våge skule. 12.00-18.00

## Forhåndsstemming fysisk og digitalt

Førehandsstemming kan du  
gjere digitalt frå 10. august til  
6. september. Stem på  
kyrkjevalet.no Fy-  
sisk førehandsstemming:

Ljosheim 31.08.  
kl. 15.00-20.00  
Kyrkjekontoret kvar torsdag  
kl. 13.00-15.00.  
Fjaler sjukeheim 04.09.  
kl. 10.30-12.30

### VISSTE DU AT...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer blir stemde inn i kyrkjevalet 2023.

### Nytt av året er at du kan førehandsrøyste digitalt.

Det gjer du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)  
frå 10. august til og med 6. september.

Du kan skanna denne QR-koden med mobilen din og du kjem til kyrkjevalet.no og kan logge deg inn med bank-ID og førehandsrøyste digitalt. GENIALT, ikkje sant?



### DET VERT OGSÅ HØVE TIL FØREHANDS- RØYSTING PÅ DESSE STADANE ONSDAG 30. AUGUST:

Kl. 09.30–11.30 Straumsnes grendahus  
Kl. 13.00–15.00 Hellevik skule

### VALLISTE

Nr.	Namn	Adresse	Født
1	Trude G. Høgseth Felde	Dale	1971
2	Terje Roald	Dale	1960
3	Kristin Kalstad	Guddal	1990
4	Hugo Fretland	Dale	1972
5	Solveig Nitter	Dale	1986
6	Sissel Irene Bringeland	Hellevik	1973
7	Elisabeth Hove Bråtane	Dale	1980
8	Geir Magne Kleppe	Dale	1970
9	Kari Nistad	Dale	1949
10	Lena Therese Solheim	Dale	1978
11	Ole Jakob Nedrebø	Straumsnes	1966

Prest på heimebane

# Eirik Baug Barsnes vigsla i Folkestad



*Eirik Baug Barsnes vert vigsla til prest med handspålegging under leiing av biskop Ragnhild Jepsen, og f.v. Ruth Skår (søndagsskulelæraren hans, skjult), foreldra Jan Baug og Sigrunn Barsnes, kona Elli Barsnes, sokneprest Knut Arne Kummeneje, studiekamerat Knut Nordeide og sokneprest i Kinn, Erling Bakke Nydal.*

Frå han var ganske liten har Eirik Baug Barsnes (26) hatt lyst til å verte prest. No er han det. Grunnlaget vart lagt på søndagsskulen og i bedehuskapellet heime i Folkestad. Difor var det kjekt og rett at han også vart vigsla der 4. juni, som den første i biskop Ragnhild Jepsen si embetsgjerning.

## Viktige medvandrarar

Vigslingsdagen kom med sol frå himmel høg og klår, og Eiriks veg fram til den store dagen, er ei solskinnshistorie. Frå han kom heim etter første dag på søndagsskulen og på spørsmål frå mora om kven som var der, svara han at «det var eg og to gamle damer». Likevel heldt han ut, kom igjen og igjen, og likte seg godt på kyrkjeveg og i bedehuset

med bestemor Eldbjørg. Han er også tydeleg på at konfirmantprest Knut Arne Kummeneje var eit ideal for han, ein god formidlar og kul prest med gitar. Eit førebilde.

- Eg trivdest i bedehuset og barnetrua, og det var ikkje fritt for at eg tidleg vart utfordra her: du ska'kje du verte prest, du då? minnest Eirik, som før han begynte på skulen hadde bestemt seg for nettopp det.

## Skriv historie

I eldre tider var dette med kallet meir i fokus. Eirik seier spøkefullt at å vere prest må vere noko meir enn å ville ha måndagsfri. Elles har han ei litt opa tilnærming til dette med kall. Martin Luther har si kallsforståing, men du kan bli utfordra både frå himmelen og kyrkjelyden. Eg opplever absolutt

at eg fekk eit kall lokalt. Det viktigaste er likevel ikkje kva vi kallar det, men kva eg får gjort ut av tenesta som prest, seier Eirik.

Han er historisk på fleire måtar: Så vidt vi veit den første lokale presten som er ordinert i noverande Fjaler, og den første presten den første kvinnelege biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, vigsla.

Mange møtte fram til vigslinga. Attåt biskop og prost, lokale kyrkjelege leiarar og ordførar, kom sjølv sagt nær familie, bygdefolk og venner, der var medstudentar og representant frå Menighetsfakultetet, stiftsdirektøren i Bjørgvin og fleire frå kyrkja i Flora, der Eirik har gjort teneste samstundes som han gjorde ferdig

masteroppgåva si. Eirik har kjent seg godt motteken i Flora. Tida har vore lærerik, men til tider krevjande, med masterskriving attåt prestenesta.

### Stor heia gjeng

Eirik voks opp på Eina (Grytøyra) med søsken og foreldra Sigrunn og Jan, og besteforeldra Eldbjørg og Audun. Han er glad for at det vart lagt til rette for ordinasjon i Folkestad. Ringen er på ein måte slutta.

- Det var stas for meg. Og eg opplevde at bygdefolkt tykte det same, seier Eirik. Det var fleire som heia på meg og oppmuntra meg undervegs, då var det kjekt å vise at eg kom i mål.

Mange flittige damer, med Randi Fretland i spissen, gjorde det dei kunne frå tidleg morgonstund for at kyrkjekaffien skulle bli vellukka. Det vart den, med skjemt og alvor.

### Sjå, eg er med dykk.....

- *Kvar ser du for deg å vere prest?*  
- Det er ikkje godt å seie. Vikariatet i Flora varer ut året, så dreg vi til Finland der kona mi Elli er i frå. Då skal ho gjere ferdig ein doktograd i teologi, og eg skal mellom anna studere språk. Kvar eg blir prest i framtida, er uvisst, men per no



Den nyvigsla presten les evangelieteksten for dagen, misjonsbefalinga, frå Matteus 28, 16-20, med malmfull røyst.

gjev det nok mest meining å tenkje Vestlandet, seier Eirik.

Undervegs har Eirik tenkt: kan eg verkeleg greie å vere prest? Så langt har han ikkje angra og ikkje opplevd anna enn at det har gått fint. Ingen er perfekt, korkje som menneske eller prest, og du må alltid vekse i rolla. Kyrkja er både tradisjonsforvaltar og skal fokynne ei levande tru med sakramenta som viktige element. Det må aldri bli berre rituale, vi må gje folk sjansen til å møte noko større. Sjølv om også kyrkja er i endring, er det visse ting som må stå fast. Som prest har eg alltid misjonsbefalinga i Matteus som trøyst og «ryggstø» - Sjå eg er med dykk alle dagar, så lenge verda står.



Eirik Baug Barsnes greidde seg godt på «stolen» der han veksla mellom alvor og lun humor.



Mellom dei mange som gledde seg med Eirik denne solfylte dagen, var bestemor Eldbjørg Barsnes

# 100.000 kroner til born og unge

av Atle Lyngstad Ness

Kyrkja i Fjaler har fått 100.000 kroner til barne- og ungdomsarbeid. Pengane er ei gåve frå Hovland kvinnelag og skriv seg frå sal av bedehuset i grenda.

Med Helene og Kornelius Hovland som pådrivarar begynte dei på Hovland å arbeide for å få sitt eige forsamlingshus i grenda. Til då hadde dei måtta fare til Espedalen, der skulen låg, når dei skulle samlast. Det var fleire kilometer, og ikkje lett å ta seg fram til alle årstider.

## Samla i 13-14 år

Rom vart ikkje bygt på ein dag, heiter det i eit gammalt ord. Ikkje forsamlingshuset på Hovland heller. I januar 1946 begynte modige Helene å samle unge jenter i grenda heime i stova. Dette skulle dei gjere ein gong i månaden. Ho laga til god mat, og dei unge hadde det kjekt med Kinasjakk og andre spel. Dei som ville, kunne ta med handarbeid, slik dei vaksne gjorde på foreingingsmøta sine. Og dei som hadde litt pengar å avsjå, kunne gje til huset dei skulle bygge.

Dei vaksne i grenda hadde også ei foreining, og medan dei unge hadde sin årlege hausfest med utlodding, hadde dei vaksne basar i stova til Helene og Kornelius. Dei samlast òg i gamlestova til Katrina på Loneland. Dei store summene kom ikkje inn kvart år, men det mona då jamt, ja, det mona, som Ivar Aasen kunne ha sagt det, og etter 13-14 år hadde dei så mykje at dei kunne tenkje på å skaffe huset.

## Skule vart bedehus

Det ville seg slik at på den tid kom gamleskulen på Bjørvikstranda for sal. Dei hadde bygt bedehus, og skuleborna vart flytta til Bygstad. Det er ikkje nokon i dag som hugsar den nøyaktige kjøpesummen, men den låg



truleg ein stad mellom 500 og 1.000 kroner.

Den då unge byggmeisteren Hilmar Hellebust hadde vore frampå med at «ditta ska' eg rive og byggje opp att for 700 kroner». Dei tok han på ordet. Sidan det er eit tømra hus, måtte kvar del merkjast nøyaktig då dei tok det ned, og setjast opp att med varsemd og like nøyaktig. Hilmar var ikkje åleine om jobben, dei på Hovland hjelpte til på dugnad. Så fornøgde var oppdragsgjevarane at Kornelius seier til Hilmar: Du sa 700 kroner, men du lyt no ha 1.000. Og det fekk han.

Dei hadde lysfest og fekk innlagt straum, og huset vart måla innvendig. Attåt misjonsbasar og hausfest kvart år, samlast bygda her til kristne møte med omreisande talarar, julefestar og anna.

## Dyrt å vere huseigar

Men litt etter litt flytte dei unge jentene ut i verda, og Hovland kvinnelag tok over ansvaret for huset åleine. Dei hadde tidevis med kvinner heilt frå

Rennestraum og opp langs dalføret til Nautsund. Av pengar som kom inn, vart noko sendt til Vestlandske Indremisjonsforbund (DVI) og noko



Kari Hovland Sæle har vore sentral i arbeidet for bedehuset på Hovland. Ho dreiv søndagsskule her i over 50 år og fekk Kongens fortensmedalje i sølv for innsatsen i 2006.



Det har vore mange innoom søndagsskulen på Hovland. Her ei tilfeldig gruppe frå 90-talet. Framme Stine Hellebust og Geir Loneland. I midten f.v. Atle Loneland, Ellinor Leirpoll Espedal, Gustav Hovland og Kjetil André Hellebust. Bak f.v. Laila Hovland, Lillian Samdal, Kristine Sande og Tore Loneland. Privat foto.

til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Men dei måtte alltid passe på å ha ein buffer til huset. Der var alltid noko som skulle gjerast og betalast.

Framme i 2003 fann dei ut at den gamle utedoen var moden for utskifting. Dei hadde heller ikkje godt nok og stabilt vatn. Det enda med ein ny utedo i eit eige hus, med overbygd tilkomst frå bedehuset, også for rullestol. Det kosta over 90.000 kroner, og etter først å ha fått avslag, fekk dei 65.000 kroner frå kommune og fylkeskommune. Dei har seinare bort etter vatn.

### For få igjen

Hausfest og basar vart halde til om lag 2017. Mange av dei trufaste som arbeidde til beste for huset fall frå, så der var for få att til å halde det gåande som før. Huset, som no er avvigsla, har i kring 40 år også vore nytta som møtestad for dei som har gått Postvegtrimmen. No har Tom Eide Knutsen kjøpt huset, og det står berre att å for dei tidlegare eigarane å tømme det for inventar.

### Søndagsskule i 50 år

Attåt det som er nemnt, har søndagsskulegruppa vore fast brukar av huset. Kari Hovland Sæle starta opp med søndagsskule i 1961, med 17 ungar på første samlinga, og heldt det gåande i drygt 50 år. Ho starta i si tid også opp søndagsskulen i Flekke.

Ungane slutta godt opp om søndagsskulen på Hovland og gjekk gjerne til dei var konfirmerte. Då ei jente som gjekk i Flekke ville «flytte over» til Hovland, sa Kari: Ja, det kan du, men det er no langt opp her! - Pøh, da e'kje langt, pappa køyre, fekk ho til svar. Og slik vart det. - Å ha søndagsskule har i alle år vore verdifullt for meg, og eg håper dei mange som har vore med føler det like eins, seier Kari.

Bedehuset på Hovland har i alle år heitt Vårvon, og siste tida bytte foreininga namn frå Hovland kvinnelag til Vårvons venner. Dei var einige om at det som var att av salssummen, når alt utestående var betalt, skulle gå til barne- og ungdomsarbeidet i regi av kyrkja.

## Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget AS • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

## ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m<sup>3</sup> – 35 m<sup>3</sup>
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

# 90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • [rune.container@gmail.com](mailto:rune.container@gmail.com)



## VELKOMEN TIL KYRKJE

### Søndag 6. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Offer til Sjømannskyrkja.

### Søndag 13. august

Dale kyrkje kl. 19.00: Konsert m/Jonas Fjeld.  
Fest i Fjaler. Billett kr. 350,-.

### Lørdag 26. august

Guddal kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste.  
Guddalskoret deltek. Offer til KFUK-KFUM.

### Søndag 27. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.  
Song v/ Ragnhild Høgseth Felde. Offer til KFUK-KFUM.

### Søndag 3. september

Folkestad bedehusapell kl. 11.00: Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon. Song v/ Marthe Eimind.  
Offer til KFUK-KFUM.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste. Kyrkjekaffi.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 10. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Festivalgudsteneste under teaterfestivalen.  
Tema: Kjærlaik. Korsong v/Cantus. Offer til Redd Barna.

### Søndag 24. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka.  
Dåpsskulen og Dale barnekor deltek. Offer til NMS sitt arbeid  
i Midtausten.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00: Hausttakkefest med utdeling  
av 6-årsboka. Kyrkjelyden pyntar kapellet med haustens grøde.  
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

### Søndag 1. oktober

Guddal kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest. Guddalskoret deltek.  
Utvida postludium/kort orgelkonsert for å markere  
20-årsjubileum for Christensen-orgelet.  
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Folkestad bedehusapell kl. 19.00: Syng med oss-kveld med  
allsong, andakt og kveldsmat. Søstrene Våge syng.  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

### Søndag 8. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Folkestad bedehusapell kl. 14.00: Gudsteneste.  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

### Søndag 22. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00: Solidaritetsgudsteneste med konfirmantane  
om TV-aksjonen – Redd Barna – krigsgramma barn.  
Offer til Redd Barna.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Solidaritetsgudsteneste for  
TV-aksjonen – Redd Barna – krigsgramma barn.  
Guddalskoret deltek. Offer til Redd Barna.

### Søndag 29. oktober

Folkestad bedehusapell kl. 11.00: Gudsteneste.  
Offer til Redd Barna.

Dale kyrkje kl. 19.00: 40-årsjubileumskonsert for orgelet i Dale  
kyrkje v/ Mark Taylor og lokale krefter.  
Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

### Søndag 5. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Helgemessesøndag. Vi minnst våre døde  
frå heile Fjaler. Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### Søndag 19. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av  
4-årsbok. Dale barnekor deltek. Offer til SOS Barnebyer.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiegudsteneste.  
Guddalskoret deltek. Offer til SOS Barnebyer.

### Søndag 26. november

Folkestad bedehusapell kl. 11.00: Familiegudsteneste med  
utdeling av 4-årsboka. Offer til SOS Barnebyer.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste. Kyrkjekaffi.  
Offer til SOS Barnebyer

### Søndag 3. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse. Dale barnekor  
og konfirmantane deltek. Offer til Alværa.

### Søndag 10. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse.  
Guddalskoret deltek. Offer til Alværa.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse.  
Konfirmantane deltek. Offer til Alværa.

### Søndag 17. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Offer til Redd Barna.

### Tysdag 19. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Den stor julekonserten med lokale artistar.  
Kollekt til fond for kyrkjemusikk

**Sjekk [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), [facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)  
eller sjå annonsen i Firda kvar torsdag for  
oppdatert informasjon.**



# I kyrkjelyden sidan sist

## Vigde

### Dale:

08.04.23 Iril Bjørnereim og Robert Myklebust.  
27.05.23 Malene Alværen og  
Magnus Åsnes Øen.

## Døpte

### Dale:

08.04.23 Ellie Olivia Bjørnereim-Myklebust  
23.04.23 Runa Konecny-Burhol  
(døpt i Meland kyrkje)  
Tara Åsta Simanga Thingnes  
28.05.23 Erik Ferran Nogales Sanchis  
Jens Myklebust Flekke  
Lyder Hagen Lammetun  
(døpt i Tjøme kirke)  
11.06.23 Åsa Østerhus Norddal

### Guddal:

11.06.23 Viljar Hovlandsdal-Solås

## Døde

### Hellevik:

09.03.23 Hallvar Åsnes f. 1954  
13.03.23 Marry Johanne Standnes f. 1940

### Dale:

02.04.23 Oddvar Kristoffer Myklebust f. 1948  
09.04.23 Sigurd Norddal f. 1984  
18.04.23 Oddny Camilla Aase f. 1943  
07.06.23 Gerd Johanne Holmelid f. 1933  
08.06.23 Eli Maria Aas f. 1947  
12.06.23 Andreas Ramstad f. 1941

Biskop Ragnhild Jepsen møtte kyrkjelege tilsette frå heile Sunnfjord prosti på Vassenden kyrkjesenter tysdag 6. juni. Her fekk ho eit lite glimt frå arbeidet rundt om i dei ulike kyrkjelydane.

Frå Fjaler var kantor Mark utfordra til å seie litt om utviklinga og betydninga koret knytt til Guddal kyrkje har for gudstenestelivet i Guddal og soknepresten vår, Knut Arne, fortalde om innsatsen han gjer for å inkludere konfirmantane i gudstenester som medliturgar. Biskopen kunne konstatere at ho var godt kjent med dette viktige arbeidet frå Nidarosdomen, der ho var domprost før ho vart biskopen vår.



Biskopen på Vassenden Kyrkjesenter

TRENGER DU NOEN Å  
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget  
liv, andre er usikre, ensomme eller redde.  
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**

## TRUSOPPLÆRING I HAUST



STØRST AV ALT

### «MI KYRKJEBOK» TIL 6-ÅRINGEN

I september har vi samlingar for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka med arbeidshefte. Mi kyrkjebok 6 handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Boka har òg mange spennande forteljingar frå Bibelen, og vi får høyre om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse. I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver å gjere, både å streke, teikne, og fargelegge. Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei felles samling i Dale kyrkje laurdag 23. september kl. 10.30.

Gudsteneste med utdeling av 6-årsboka er:  
24. september kl. 11.00 i Dale kyrkje, og kl. 14.00  
Folkestad bedehuskapell.

### FOR 4-ÅRINGANE!

I november er det 4-åringane sin tur til å få bok. For alle 4-åringane i Fjaler blir det ei felles samling laurdag 18. november kl. 10.30-11.30 i Dale kyrkje.

Elles blir det utdeling av 4-årsboka desse datoane:  
19. november: Dale kyrkje kl. 11.00  
26. november: Folkestad kapell kl. 11.00.


### «MIDDAG OG MISJON» PÅ LJOSHEIM I DALE

Til deg som er født i 2010! Vi inviterer deg til å vere med på eit spennande opplegg om misjon på Ljosheim i Dale torsdag 9. november kl. 15-17. Kom til Ljosheim og høyr om det spennande arbeidet som skjer i verda – med særleg fokus på Det norske misjonsselskapet, forkorta NMS, sitt arbeid i Midtausten – der dei mellom anna jobbar for å gje foreldreause barn eit verdig liv. På samlinga skal vi i tillegg til mat ha morosame leikar og konkuransar. Vel møtt! Vi håpar å sjå nettopp DEG!

## Babysongen på Ljosheim – hausten 2023

### Babysong måndagar for 0-1 år

Sabina og kyrkja i Fjaler fortset med tilbodet om babysong på Ljosheim med oppstart måndag 21. august. Vi legg opp til to måndagar i månaden. Datoar vidare er 4. september, 18. september, 2. oktober, 16. oktober, 30. oktober, 20. november, 27. november, 11. desember. Datoar kan bli endra, så følg med på Fjaler sokn si Facebookside.



STØRST AV ALT

Samlinga startar kl. 12.30 med ei songstund som varer ca. 30 min. Etterpå vert det kaffi/te, frukt og kjeks (kr 30 pr samling som du vippsar til Fjaler sokn 127523 og merker Babysong). Vi er ferdige ca. kl. 13.30.

Ein måndag i semesteret blir det babysong på Fjaler sjukeheim. Siste babysongen før sommaren var på sjukeheimen, noko som var svært kjekt og vellukka. I september vert det babysong under Teaterfestivalen.

Ønskjer du å vere med, er det fint om du sender ein sms til Sabina på tlf. 93081399 innan samme dag det er samling. Då kan ho førebu samlinga best mogeleg. Om du ikkje rekk å sende sms, eller gløymer det, er det berre å komme likevel. Babysongen, som Guri Høstaker Nordheim starta, og som Sabina Baylarbayova, kontor i Askvoll, overtok, har synt seg som eit veldig populært tiltak blant nybakte mødrer.

Babysongen er eit tilbod til alle born opp til eitt år. Om barnet fyller eitt år i løpet av semesteret, er ein velkommen til samlingane likevel. Barnet treng heller ikkje vere døypt. Her kan alle vere med.

### Småbarnsong for 1.-3 år, ein laurdag i månaden, same tidsramme og liknande opplegg som Babysong.

Eit par av mødrene som deltok på babysong denne våren har etterspurt eit tilbod frå barnet har fylt eitt år. Det ønskjer vi å tilby dersom det blir ønskt av litt fleire enn dei to som til no har gitt tilbakemelding.

Aktuelle laurdagar er 26. august, 30. september, 28. oktober og 25. november.

NULL  
STRESS  
VI TAR DET PÅ  
vipp's

### FASTEAKSJONEN

Tusen takk til alle som gav pengegåve til årets fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp. I Fjaler kom det inn kr 34524,- inkludert fastebøsser og Vipps.



### Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjevevja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

### ANNONSEPlass TIL SALS

Kr. 500 + mva pr. annonse pr. blad i visittkortstorleik, lik denne.  
3 kyrkjeblad pr år kr 1 500 + mva  
Dobbel storleik – dobbel pris.

Vi ønskjer å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke inntektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.

### LJOSHEIM er til leige

Ljosheim er soknet sitt hus i Dale. Hovudetasjonen har no tilkomst for alle. Med rullestolrampe og handikaptaolett eignar huset seg godt til ulike tilskipingar. Til mindre arrangement kan det nye minikjøkkenet i småsalen nyttast. Her er det vanleg oppvaskmaskin, lite kjøleskåp og mikrobølgeovn. Kjøkkenet i kjellaren er òg pussa opp med nye kjøkkenbenkar m.m. Her er alt du treng til større arrangement. Attmed kjøkkenet er matsalen. Kjellaren har eigen inngang, også her er det handikaptaolett. Kom gjerne innom oss på kyrkjekontoret så viser vi deg huset og kan avtale leige.

### BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.  
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135  
Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å merke innbetalinga med namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld òg dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikkje reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.

### Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

### Kyrkja i Fjaler

[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Fjaler sokn

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70 / 40 50 94 52



### Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

### Tilsette med kontorpass:

**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

### Kyrkjevevje Irene Fløde

jobb: 40 50 94 52, mobil: 992 38 420

kyrkjevevje@fjaler.kyrkja.no

### Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

### Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

onsdag og torsdag

### Kyrkjetenarar:

**Dale kyrkje**

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf: 482 49 547

Gravferd: Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

### Folkestad kapell:

Randi Fretland tlf.: 90957857

### Guddal:

### Vedlikehald av Hellevik og Folkestad

gravplassar Jostein Folkestad

### Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

## HØGT ELSKA KYRKJEGARDSFORTELJINGAR

**Teaterfestivalen i Fjaler har i år temaet Kjærleik. Under årets festival (8-10. september) ynskjer vi gje rom for forteljingar om nære som ikkje er med oss lenger, anna enn i minnet og i hjartet.**

I samarbeid med Jakob Sande – senteret og Kyrkja i Fjaler ynskjer vi å invitere dykk som har misst nokon, til å delta i eit program der de kan fortelje om dykkar kjære.

Sundag 10. september etter kyrkjetid (ca. kl. 12.15) vil vi invitere dykk til å sitte ved kvar sin gravstein og fortelje ei kort forteljing som den som ligg gravlagd der. Det kan vere du førebur fleire korte forteljingar, der du ser an kva for ei forteljing du vel å fortelje til kven, alt ettersom kven som set seg ned attmed deg denne sundagen. Då vi vil opne opp for at folk kan komme til dykk ein og ein og høyre deg fortelje noko om den som ligg der. Korleis minnst du den du har misst, kva vil du minnst. Kva vil du dele, kva ord skal leve vidare om den du har vore so glad i. Det kan vere eit minne, eit første møte, ei anekdote, ei livssoge, eit vendepunkt i livet eller noko anna du gjerne vil fortelje om.

Lyden frå orgelspel av Mark Taylor blir sendt ut på kyrkjegarden etter kyrkjetid.  
Vi har tru på at dette blir ei fin stund.

Kan du tenkje deg å vere med, vil vi halde ei samling i Klokkargarden i forkant, der vi saman kan komme fram til rammer og eventuelt bistå med å forme forteljinga om det er ynskje om det. Tidspunkt for samlinga kjem vi attende med.  
Forslag til samlingsdato i Klokkargarden er måndag 14.august.

Vi vonar de kan tenkje dykk å delta i dette. Om de veit om andre som kunne tenkje seg vere med i prosjektet, er vi takksame for innspel. Spreie gjerne ordet – programmet er ope for alle som kunne tenkje seg å dele forteljingar.

### **Ved interesse gjer vel å meld dykk på til:**

Rakel C.W. Solheim, tlf: 976 50 966, rcws@hotmail.com  
eller Torkil Sandsund, tlf: 979 76 282, torkil@sandsund.no

*Med beste helsing Teaterfestivalen i Fjaler,  
Jakob Sande – senter for forteljekunst og Kyrkja i Fjaler*